



Administrativt vedtak

Saksansvarleg: Knut Fredrik Øi

Arkivsaknr.:
15/1075-12

Arkiv

Sakshandsamar
Magnhild Aspevik, 57 64 12 30

Dato
18.07.2016

Tildeling av fellingsløyve for elg-, hjort- og rådyrjakta i Lærdal kommune 2016

Kort samandrag:

For elg og rådyr i Lærdal kommune, følger tildelingane av fellingsløyve for 2016 vedteken forvaltningsplan for hjortevilt. For hjort vert tildelingane i 2016 gjeve i tråd med vedteke bestandsplan for Lærdal bestandsplanområde.

Vedtak:

I medhald av *Forvaltningsplan for hjortevilt i Årdal, Lærdal og Aurland kommune, godkjend 2011* og vedteken bestandsplan for hjort i Lærdal bestandsplanområde, tildelar Lærdal kommune følgjande fellingsløyve i 2016:

Hjort:	667 fellingsløyve delt på 46 vald.
Elg:	27 fellingsløyve delt på 14 vald.
Rådyr:	1 fellingsløyve på 1 vald.

Vedteke planar som ligg til grunn for tildelingane er vurdert etter Naturmangfaldlova §§ 8-12.

Vedlegg:

Fellingsløyve elgjakta 2016 Lærdal kommune
Fellingsløyve rådyrjakta 2016 Lærdal kommune
Fellingsløyve hjortejakta 2016 Lærdal kommune

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.

- Lov om forvaltning av naturens mangfold (NML)
- Forskrift om forvaltning av hjortevilt
- Forvaltningsplan for hjortevilt i Årdal, Lærdal og Aurland kommune, godkjend 2011
- Lærdal bestandsplanområde – bestandsplan for hjort i perioden 2015-2017
- Avtale om felles landbrukskontor av 01.01.2011

Saksutgreiing og vurdering

For elg og rådyr er det ikkje nokre endringar frå vedteke forvaltningsplan i tildelingane. Lærdal hjorteutval har søkt, og fått godkjend, ”Lærdal bestandsplanområde for hjort” og

bestandsplan for hjort i dette området i perioden 2015-2017. I arkivsak 15/431-18 kan ein sjå argumentasjonen for planen. Tildelinga for hjort i Lærdal vil følgja denne modellen i 2016, og kvota er auka og er for 2016 667 løyve. Valda har sjølv ansvar for å følgja avskytingsmodellen som er vedteke. Dei valda som ikkje er med i bestandsplanområde, får løyva tildelt som retta avskyting/tildeling frå kommune. Kommunen nyttar vedteke bestandsplan for å dela ut fellingsløyve til desse valda.

Vedteke bestandsplan for hjort i Lærdal legg opp til å stabilisera hjortebestanden ved å skyta 100 fleire hjort årleg i perioden 2015-2017. Dette vil då utgjera om lag 500 felte hjort årleg i planperioden.

Det vert følgjande tildeling for jakta 2016:

Hjort:	667 fellingsløyve delt på 46 vald.
Elg:	27 fellingsløyve delt på 14 vald.
Rådyr:	1 fellingsløyve på 1 vald.